



Inge Østergaard
Østliveien 32
1389 HEGGEDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8901 - 20/59976

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2020

Førebels svar - mottatt klage på vedtak - Veg til tomt - gbnr 1/403 Flatøy

Tiltak: Veg til tomt
Byggjestad: Gbnr: 1/403
Tiltakshavar: Henrik Brigtsen
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 22.09.20.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 14.10.20. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

I dette tilfelle vart det gitt rammeløyve for etablering av veg. Det skal søkjast om igangsettingsløyve før tiltaket skal setjast i gang.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Det er heller ikkje lagt fram nye opplysningar i klagen som verkar inn på den konkrete avgjerda.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Berit Sofie Hoffstad
Henrik Brigtsen

Helleveien 267
Bruskedalsreset 86

5039 BERGEN
5115 ULSET

Kopi til:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

Mottakarar:

Inge Østergaard

Østliveien 32

1389

HEGGEDAL